

Styremedlem Bård Vegar Solhjell

Tale til vinnarane av Fritt Ords Honnør: Nancy Herz, Sofia N. Srour, Amina Bile

Oslo, 15.3.18

«Hun eier ikke skam»! Det var påstanden Nancy Herz fekk servert då ho spurte etter ei bok av forfattar og feminist Joumana Haddad i ein bokhandel i Beirut. Ein måte å rakke ned på den sentrale menneskerettsforkjemparen og feministen på. «Skamlaus» er eit skjellsord mange jenter med minoritetsbakgrunn har blitt møtt med. Vi kjenner jo talemåten frå bedehusa på Vestlandet, nabopraten over gjerda, frå rykta som spreier seg.

«Hun eier ikke skam». Det betyr «ho nektar å innordne seg normene, kodane for klede og oppførsel, dei usagte spelereglane». Men det betyr også meir enn det. Det betyr også «vi kan ikkje kontrollere henne».

Nancy, som sjølv er fødd i Beirut og har libanesiske foreldre, skreiv om det i Aftenposten den 26.april i fjor. Ho sette ord på sin motstand mot det gjennom det enklaste og mest effektive verkemiddelet: Ved å ta eigarskap til ordet, kalle seg «skamløs» og dermed gjere skjellsordet ufarleg. Med det utløyste ho eit skred. Eit skred av gjenkjenning og støtte.

Berre dagar etterpå følgde Sofia N Srour opp. Ho skildra ryktesamfunnet som ikkje gjev deg plass til å tenke sjølv, velje sjølv eller handle slik du vil. Eit glashus, med veggjar av skam, som skal hindre jenter og kvinner å bryte ut. Og som den mest sjølv-sagte ting i verda tok Sofia i bruk omgrepet, då ho inkluderte seg sjølv i «oss skamløse arabiske jenter».

Like naturleg, og med stor takksemd, tok Amina Bile i bruk omgrepet litt over ei veke seinare. «Jeg skjelver og smiler av lettelse» skreiv ho. «Skamløse arabiske jenter har løftet fram en realitet hos mange jenter: sosial kontroll.» Artikkelen stod ironisk nok på trykk over to smale spaltar ved sida av ein stor sak om russefeiringa landet rundt. Men innverknaden frå Amina sin artikkel har blitt langt større, ho sette ord på det mange må ha følt: «For om Sofia og Nancy kan, hvorfor kan ikke jeg?»

I dag blir Nancy Herz, Sofia N Srour og Amina Bile tildelt Fritt Ords Honnør for sin personlige og modige innsats for å belyse sterk sosial kontroll i minoritetsmiljø. Dei får prisen som representantar for seg sjølv, men også for mange andre skamlause jenter.

Nancy er 20 år, kjem frå Haugesund, studerer jus og er mellom anna aktiv i Amnesty International.

Sofia er 22 år, kjem frå Nøtterøy, er ein bevisst feminist og ein aktiv skribent og bloggar.

Amina er 18 år, og kjem frå Skien. Ho går på vidaregåande skule, og er leiar i Telemark Sosialistisk Ungdom.

Dei kjem frå ulike stader i landet, har ulik oppvekst, trur på ulike ting, går ulike vegar. Til felles har dei at foreldra ikkje er født i Noreg. Dei er tre ulike unge kvinner som i sum er ganske typisk norske.

--

Ytringar kan vere viktige på mange vis.

Prisvinnarane sette ord på det usagte. Det mange føler og meiner – men som ikkje blir sagt. Det var viktig.

Ytringar kan også viktige fordi dei er modige. Menneska bak ytringa tek ein risiko. Eller fordi dei står opp mot – og peikar på – ein urett i samfunnet.

Det spesielle med dei skamlause jentene sin bruk av ytringsfridomen er at den har vore viktig på alle desse visa, samstundes.

Dei har vore modige. I intervju og artiklar fortel dei om eit engasjement som har kosta. Dei har begynt som forsiktige, usikre, nervøse – ja, redde – før dei tok steget. Det er dei også opne om. Denne openheita om at det kostar kan ha vore ein viktig del av budskapet, fordi det har skapt gjenkjenning.

Når andre skal hente fram mot frå kjensler som også er fylt av tvil og redsle, ja, så hjelper det å vite at andre har slitt med det same. Slik har mot fostra mot.

Jentene som inspirerte prisvinnarane var også usikre, ja, av og til redde. Dei som har følgd i fotspora deira hadde det på same vis. Ikkje fordi dei var svake, for som dei tre peika på i sin felles kronikk den 2.1; «De er noen av de sterkeste vi har møtt»

Prisvinnarane sine ytringar har også vore viktige fordi dei tek opp ein stor urett mange vert utsett for. I den nemnde felleskronikken definerer dei sjølv sitt tema som å knuse glasshus. Glasshusa ein kan vere i om ein er minoritetsjente i eit fritt land, men ikkje er fri, fordi ryktesamfunnet, æra og skammen styrer livet ditt.

Vi er vant til å måle feil og manglar ved samfunnet vårt i tal, og kvantitative størrelsar. Andelen arbeidslause, fråfall i vidaregåande skule. Lønnsforskjellar mellom menn og kvinner. Men sosial kontroll er ei undertrykking som ikkje kan målast og presenterast i ein tabell.

Det er dei usynlige stikka, den usagte, men likevel effektive måten å styre eit liv på.

Den undertrykkinga kan ikkje ein tabell fortelje om, den må komme fram i historier fortalt av dei som opplever den. Og skal den bli meir enn einslege historier, som kan avskrivast som unntak, så må mange fortelje om det – igjen og igjen, i ulike variantar, heilt til vi alle ser at det er eit mønster. Og at det er alvorleg.

At det dreier seg om fridomen i samfunnet vår.

For dei skamlause jentene sin bruk av ytringsfridomen har vore viktig på ein måte til – ja, kanskje aller viktigast. Dei har sett ord på noko som angår oss alle, i dag og i framtida. Dei har gått inn i si tid.

Ideen bak våre menneskerettar er at dei er universelle, at dei gjeld alle. Om nokon sin fridom er truga, så er alle sin fridom truga.

Dersom vi meiner at Norge skal vere eit samfunn med like muligheiter som ideal, er minoriteter i Norge sine muligheiter vårt felles ansvar. Om vi syns ytringsfridom og likestilling er universelle verdiar, er det ei felles oppgåve å sikre at alle i Norge kan nyte godt av desse fridomane.

Som dei skamlause jente sjølv har sagt: «Dette er ikke en minoritetskamp, det er en samfunnskamp»

Kjære Nancy, kjære Sofia, kjære Amina, kjære alle andre i bevegelsen av skamlause jenter. Dykkar engasjement på den offentlige scena er noko av det beste som har skjedd det siste året. Kjære alle andre, uavhengig av kjønn, bakgrunn og tilhøyrslø. Dei skamlause jentene sin kamp angår oss, og treng vår støtte.

Det er ei stor glede og ære å kalle dykk fram for å ta mot Fritt Ords Honnør. Gratulerer!